

NY ÅRSTURNUS 2024-25 ENDINGAR I OVERORDNA RAMMEAVTALE.

Vi har fått ein del tilbakemeldingar på den nye turnusavtalen for årsturnus 2024-25. Tilbakemeldingane går spesielt på endringa i tal raude dagar og usikkerheit i korleis arbeidspliktige timar er rekna ut. Vi må beklage for lite informasjon i samband med desse endringane. Me vil difor gje ei meir konkret beskriving av desse punkta.

RAUDE DAGAR: På bakgrunn av erfaring gjort i årsturnus 2023-24, har det vore utfordrande å dekke inn riktig kompetanse på alle raude dagar gjennom året og såleis vanskeleg å halde forsvarleg drift. Utfordringane var meldt inn til tillitsvalde gjennom evaluering av pågåande årsturnus. På bakgrunn av dette såg vi oss nøydde til å auke tal raude dagar i ny avtale med 1. Vi vil spesifisere at i avtalen står det arbeid inntil 5 bevegelege raude dagar. Når det gjeld langvakter, vil vi drøfte med tillitsvalde om reduksjon i dette talet i lokal turnusavtale for kvar eining. Dette vil skje når langvaktturnus blir sent til godkjenning sentralt.

TIMETAL I ÅRSTURNUS:

Utrekninga i overordna rammeavtale baserer seg på følgjande:

Ei 100% stilling med 35,5 timar per veke, utgjer eit timetal på 1846 per år. For å finne ut kor mange timar ein skal arbeide, trekker vi vekk timar for ferie og fridagar (F3).

Ut frå KS og arbeidstakarorganisasjonane sin veileder til årsturnus reknar ein arbeidspliktige timar ut slik:

Fråtrekk:

- 5 ferieveker (35,5 timer x 5 dager) = 177,5 timer
- 4 helge- og høgtidsdagar (F3 dagar) (7,1 timer x 4) = 28,4timer

Sum til fråtrekk = 205,9 timer

Arbeidspliktige timar vert då $1848 - 205,9 = 1640,1$

Dette betyr i praksis at det er dette talet som skal stå på ein 100% turnus før ein legg inn eventuelt F4 (erstatningsfri for arbeid på raud dag). Dei som vel å ta ut F4, vil då ha eit lågare timetal. Det betyr også at alle har fått fråtrekk for F3. Det må likevel være markert alle F dagar i ferdig årsturnus. Ut frå reknestykke vil 100% stillingar ha 4 F3 dagar markert, medan 75% har 3 F3 og 50% har 2 F3.

Når gjeld F5 (erstatningsfri for F1 på raud vekedag) vil også bli trekt frå i etterkant viss ein ynskjer fri. Rett på F5 vil ein først sjå når turnus er rulla ut på 52 veker. Eks: Jobbar du som 40% stilling eller meir i påskehelga inkl fredag, skal du ut frå avtalen ha F1 på skjærtorsdag. Dette utløyser altså F5 enten i fri eller får du utbetalt.

Vi håpar at dette er forståeleg informasjon og beklagar igjen at dette ikkje vart tydeleggjort tidlegare!

Med venleg helsing



Kommunalsjef og einingsleiarar